

ANMELDT BOK



VALKAMP: Vonleg blir organiseringa av offentlig sektor – som helsevesenet – for sørste gong tema i ein valkamp, skriv BTs bokmeldar.

Kamp om fagmakta

Helseaksjonistar har levert eit velmeint, men ujamnt bidrag til ein viktig debatt.

BOK SAKPROSA

Torgeir Bruun Wyller og Heidi Haukelien (red.)



«Ny helsepolitikk»
Dreyers Forlag



PÅ FLEIRE samfunnsområde går det i dag føre seg ein dragkamp mellom administrasjonsmakt og fagmakt. Me ser det i utdanning og forskning, i media og kulturliv – og ikkje minst på helsesektoren.

Dei siste åra har administrasjonsmakta vore på offensiven, som del av dei næringslivsinspirerte New Public Management-reformene i det offentlege. Leiarar og konsulentar har – med den ureflekterte sjølvtiliten som kjenneteiknar den nye tids menn til alle tider – introdusert teoriar, språk og styringsgrep som ofte er blitt oppfatta som ein provokasjon mot tradisjonelle fagverdiar.

NÅ SER DET UT TIL at ein motreaksjon byggjer seg opp. Protestane mot målstyring, kontroll, byråkratisering, sentralisering, resultatlønn og andre utslag av den rådande styringsfilosofien, aukar i styrke.

Lærarstreiken i 2014 handla først og fremst om å gjenreisa tilliten til læraren

som fagperson. Parallelt har legar, sjukepleiarar og andre helsearbeidarar danna sin helsetenesteaksjon. I debattboka «Ny helsepolitikk» presenterer leiarane, Torgeir Bruun Wyller og Heidi Haukelien, programmet sitt.

Boka har mange bidrag, både frå praktiskarar i felten og teoretikarar bak skrivepulten. Det gjer boka ujamn, slik bøker av denne typen gjerne blir.

Enkelte av forfatarane nøyer seg med å skildra dei daglege frustrasjonane, noko som for så vidt kan vera talande nok. Andre legg an eit meir analytisk perspektiv. Språkleg er kvaliteten varierende. Det meiningstomme og klisjefylte administrasjonsspråket smittar også over på somme av dei opposisjonelle.

ALLE PROTESTRØSLER risike-



ARKIVFOTO: EIRIK BREKKE

rer å utvikla skylappar og overforenkla budskapen sin. Ein raud tråd i boka er såleis kravet om å gå tilbake til fagbasert leiding av helseinstitusjonane. Då er det velgjerande når tidlegare departementsrådgivar Erling Steen minner om kva som var ein viktig del av bakgrunnen for reformene på 1990-talet, nemleg ei sterk oppleving av politisk avmakt overfor profesjonsorganisasjonane: «Det ble sagt at Helsedepartementet og Helsetilsynet var meir styrt av Legeforeningen enn av statsråden.»

Også fagmakt kan drivast for langt. Men Steen er klar på at pendelen nå har svinga altfor langt over mot den andre sida.

DET ER OGSÅ BRA at det kjem fram ulike synspunkt i

spørsmålet om kven som skal driva norsk helsevesen. Professor Marit Halvorsen argumenterer i beste Karl Evang-tradisjon for at svaret bør samlast på eitt forvaltingsnivå (les: Staten). Dette er ei oppfatning som tydelegvis står sterkt i Helse-tenesteaksjonen, i alle fall er det eitt av dei 20 framlegga til ny helsepolitikk som avsluttar boka.

Då er det tankevekkjande å lesa bidraget frå professor Halvard Vike. Han meiner at lokalpolitikarane, med sin nærleik til menneska det gjeld, i praksis er dei fremste forsvararane av velferdsstaten sine ideal. Dei er ein avgjerande korreksjon til eit statleg blikk som er meir og meir retta mot kostnader, avvik frå standardar, orden og kontroll. «Det er sannsynlig

at den norske velferdsmodellen er fullstendig avhengig av at det finnes et stort antall kommuner, og at mange av dem er små», skriv Vike.

DET SOM SAMLAR forfattarane og redaktørane av boka, er uroa for at ein vellykka norsk velferdsmodell, basert på tillit, nå er under sterkt press. Dei er ikkje aleine om det.

Vonleg er konsekvensane av New Public Management blitt så handgripelege for folk flest at organiseringa av offentleg sektor for første gong blir tema i ein valkamp.

«Ny helsepolitikk» er eit velmeint, men ikkje heilt vellykka forsøk.

TOM HETLAND

Bokanmelder

